

Lysare tider for Eidsvik

24.09.2009



Historisk for Eidsvik: Offshorealderen kjem til verftet - supplybåtskroget kjem frå Tyrkia midt i april i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter tre år med svært raude tal for Eidsvik Skipsbyggeri AS, med eit samla underskot på 47 millionar kroner, ser det no langt lysare ut for den største bedrifta i Uskedalen, skriv innsida.no

Sjølv om det vart minus i rekneskapen også i fjor - 11,6 millionar - viser dei offisielle tala eit driftsresultat som er vel 19 millionar eller 62 prosent betre enn året før. Også driftsinntektene auka i fjor, frå nær 137 millionar året før til vel 163 millionar. Det var ei forbetring på 26,6 millionar eller nær 20 prosent.

Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik peikar på at skipsbyggjing gjennom årtider har vore prega av ein sterk nasjonal og internasjonal konkurranse, noko som har ført til pressa priar og tildels stor risiko i prosjekta. Eidsvik med sine 60 tilsette har dei siste 15 åra utrusta 16 store fiskefartøy. Dei har både tent og tapt pengar, men dei siste åra har det vore ein negativ trend. Eigara og tilsette har teke konsekvensen av dette og bretta opp ermet for å gjennomføra dei neste prosjekta i nært samarbeid med rederiet som har kontrahert skipa, understrekar dagleg leiar.

Han fortel at dei tilsette vart orientert om rekneskapstala og situasjonen alt før sommaren. Dei økonomiske utfordringane verftet hadde i fjor haust vart langt på veg løyste då. Drifta er refinansiert og no går det som normalt.

For tida jobbar dei med supplybåten som gjev arbeid til 200 mann - det vil seia 140 i tillegg til dei 60 som jobbar fast. Dette arbeidet vil pågå ut året, men før det vil eit nytt skrog komma til Uskedalen.

- Vi ser nye mogelegheiter i skipsbyggjing etter dette., og det vil vera nye prosjekt å ta tak i etter 2010. Ein viktig føresetnad er at kontraktar og rammebetingelsar for verfta er balanserte og tar nødvendig omsyn til den risikoen som verfta tek i slike oppdrag, seier Eidsvik.

Tillitsvald Børre Brede seier at Eidsvik har kome seg over den første kneika og at dei skal dra lasset vidare i lag.

Dei har mange dyktige arbeidarar og det gjev tru på at det skal gå bra framover.

Brede minnar om fleire utfordringar som Eidsvik har støtt på: Mellom anna finanskrisa og supplybåten som gjekk på grunn og gjorde at dei mista fleire månader med arbeid og inntekt.

Av Ola Matti Mathisen